



LINDÅS KOMMUNE
Areal- og miljøavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 108/001/015
Saksmappe: 04/00821-6
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Arkitektkontoret Ulf Røstøen AS

Postboks 64 Nesttun
5852 BERGEN

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
306/04	<i>Delegert sak handsama av avdelingssjefen</i>	29.07.04

Rammeløyve og igangs.løyve for grunnarbeid - 2. stk. rekkjehus - Lindås Feriesenter AS - Gnr.108 Bnr.001 Fnr.015 - Lindås

Dokument :

Søknad om rammeløyve, motteken 01.06.2004.
Søknad om igangsetjingsløyve, motteken 28.07.2004.

- teikningar m/ terrengprofil i målestokk 1:100
- situasjonsplan i målestokk 1: 1000
- kvittering for sende nabovarsel
- søknad om ansvarsrett
- kontrollerklæring for prosjektering

Merknad til nabovarsel frå Odd Sørås, datert 29.03.2004

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld bygging av 5 bueiningar fordelt på 2 bygg, i samsvar med godkjend reguleringsplan. Det er søkt om rammeløyve for tiltaket og igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid inkl. kaiarbeid.

Odd Sørås, eigar av gnr.108 bnr.33 snr.11, har komme med merknader til nabovarsel, fordi det viser to endringar i forhold til dagens situasjon:

- 1) Det er teikna inn eit anna bryggjanlegg med fleire plassar enn det som ligg der i dag.
- 2) Nedkjørsel frå hovudveg ned til felles parkeringsplass er endra.

Ansvarleg søker sin kommentar er, at dette ligg utafør omsøkte tomteareal og ikkje har relevans for byggjesøknaden.

Kommentar frå administrasjonen: Dei anlegga som Sørås peikar på, er det som godkjend reguleringsplan viser. Omarbeiding av parkeringsplassar/trafikkareal innafør 108/33, vil vera ei intern sak mellom seksjonseigarane, og søknadspliktig dersom det skal gjerast større endringar. Reguleringsplanen viser kva som kan leggjast ut av flytebryggjer. Dersom eksisterande anlegg skal utvidast, må det søkjast til kommunen og hamnestyresmaktene.

Vedtak:

Søknaden om rammeløyve, og igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid inkl. kaiarbeid, etter plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar på følgjande vilkår :

(forts.)

1. Bygg 1 skal plasserast med topp møne ikkje over kote **13,46**.
Bygg 2 skal plasserast med topp møne ikkje over kote **9,27**.
Kontroll av plassering skal dokumenterast av kontrollansvarleg for grunnarbeid før byggjearbeida vert sett i gang (Plan- og bygningslova § 70 nr.1).
2. Bygningane skal plasserast som vist på reguleringsplanen. Avdelingssjefen gjer merksam på dei branntekniske krav som gjeld ved redusert avstand mellom bygningar.
3. Bygningane skal knytast til offentleg leidningsnett.
I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad og melding om utføring sendast til VA-avdelinga på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95a, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid over grunnmur, før det er gjeve igangsetjingsløyve for resten av arbeidet.

Byggjearbeida må setjast igang seinast 3 år etter at er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (Pbl. § 96).


Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

ARKITEKTKONTORET ULF RØSTØEN AS vert godkjent som ansvarleg føretak for SØK/PRO/KPR for tiltaket, tiltaksklasse 2.

ING. FINN M. DYRKORN vert lokalt godkjent som ansvarleg føretak for UTF/KUT for grunn- og betongarbeid, inkl. stikkingsarbeid, tiltaksklasse 2.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for avdelingssjefen



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:

Lindås Feriesenter AS, Postboks 22, 5951 LINDÅS
Odd Sørås, St. Olavs vei 131, 5063 Bergen